

Islandsk pågangsmot på Mo



SATSAR: Egill Kristianson og Gudbjörg Vilhjalmsdóttir ser fram til å driva Mobryggen Sjø og Fritid på Mo. Dei kom frå Island for vel ein måned sidan og opna 1. mai.



KUNST: Ekteparet har ei stor kunstsamling, og deler av den er stillt ut i kafeen på Mo.



UTVIDA: Hamna er utvida med eit par flytebrygger, og auka satsing på båtturnisme er eitt av tiltaka til dei nye drivarane.

MODALEN: 1. mai opna det islandske ekteparet Gudbjörg Vilhjalmsdóttir og Egill Kristiansson Mobryggen Sjø og Fritid på Mo.



Av Lívur Aksnes
livar@strilen.no

Det var ein jamn straum av kundar då Mobryggen Sjø og Fritid igjen opna dørene 1. mai etter å ha vore stengt sidan nyttår. Så mykje folk var det at enkelte måtte venta på maten, for Egill Kristiansson, som er den som står for matlaginga, insisterer på å laga alt frå grunnen.

– Til og med sausane er heimelaga. Her er ingenting ferdigkjøpt, seier kona Gudbjörg Vilhjalmsdóttir, som står bak disken, serverer, ryddar og vaskar opp.

Pussa opp

Og kafeen på bryggja i Modalen framstår i ei ny form, for det islandske ekteparet er ikkje berre opptekne av mat. Dei er og interesserte i kunst.

– Me kjøpte det første bildet vårt for 32 år sidan, fortel Gudbjörg til Strilen.

Ho er utdanna interiørdesignar og har sjølv stått for oppussinga både i kafeen og i dei 20 leilegheitene som høyrer til på feriesenteret.

På veggen er det fullt av kunst, og det er ekteparet si private kunstsamling. Og både tak og vegger, bord og stolar har fått ny farge. Det er og gjort mindre endringar i innreiinga.

Heilårsdrift

– Me tek sikte på å halda ope heile året, og satsar både på turistar og folk som vil halda kurs og konferansar her, seier Gudbjörg.

Konfirmasjonar, bryllaup og andre store dagar vil og kunna arrangerast i lokala i sjøkanten på Mo.

– Me er opne for innspel frå kundane og vil prøva å laga skreddarsydde opplegg alt etter kva kundane ønskjer seg, seier Gudbjörg, som fortel at dei har lang røynsle med å driva ulike turistiltak på Island.

Lakselev

Dei siste sju åra har dei drive eit overnattingstilbod ved den beste lakseelva på Island, Grimsá i Borgarfjörður.

– Det er ei skikkeleg eksklusiv elv med flogefiske, seier Gudbjörg.

Men som dei fleste veit, er Island no inne i ei økonomisk krise, og det reiv grunnen bort under drifta. Difor var ekteparet på jakt etter ein annan jobb, og så oppdaga dei ei annonse i ei islandsk avis om jobben i



HYTTER: Til feriesenteret høyrer også 20 leilegheiter.



PUSSA OPP: Gudbjørg Vilhjalmsdottir er utdanna interiørdesignar og har sjølv stått for oppussinga.

Modalen. Dei vart innkalla til intervju, og etter at dei hadde vore ein tur i Modalen og sett på tilhøva, var dei ikkje seine om å bestemma seg. For vel ein månad sidan flytte dei til Modalen, og den månaden har dei nytta til å pussa opp og gjera klart til opninga.

God mat

Egill Kristiansson er utdanna kokk frå Danmark, og i fem år dreiv ekteparet ein av dei beste fiskerestaurantane i Reykjavik. Han har og vore kokk for reiseselskap og tematurar rundt i landet. Han har også jobba på Grønland og delteke i reklameoppdrag med mat som tema.

Egill seier til Strilen at dei vil servera fiskerettar på Mo, men også annan mat, både norsk og islandsk og frå andre land.

– Men det viktige for meg, er å få tak i dei gode råvarene, seier han.

Kulturkveldar

Gudbjørg Vilhjalmsdottir fortel

at dei har mange planar for drifta på Mo. Mellom anna vil dei laga tema- og kulturkveldar, til dømes om islandsk og italiensk mat og kultur.

Men til no har det vore så travelt med å få alt i stand til opninga, at dei ikkje har fått tid til å planleggja i detalj.

Ekteparet har fire vaksne born og eit barneborn. To av borna bur på Island, og dei to andre studerer i Danmark.

–Men eitt av borna planlegg å koma hit til Mo for å hjelpa oss, seier mora.

Positivt

Etter opninga 1. mai har det vore mykje folk innom, og dei har fått mange positive tilbakemeldingar, fortel dei.

Også ordførar Knut Moe tykkjer det er veldig positivt at det er drift igjen på bryggja på Mo. Han var sjølv med til Island for å intervjuja ekteparet, og han har eit svært godt inntrykk så langt, seier han til Strilen.



ISBJØRN: Det finst ikkje isbjørn på Island, men eit isbjørnskinm prydar no veggen på Mo.



SKULPTUR: Denne skulpturen er og ein del av utsmykkinga.

MATVAREGIGANTEN

Knallpriser!

HØYRYGG M/BEIN
PR. KG. **89⁹⁰**

SEIFILET
PR. KG. **59⁹⁰**

SAUNASKINKE
PR. HG. **18⁹⁰**

POTETER
PR. KG. **11⁹⁰**

ROGNALDSEN TREKORNBRØD
PR. STK. **14⁹⁰**

Bikuben
ISDALSTØ MAT AS
5914 ISDALSTØ TLF. 56 35 05 75